



**DET KONGELEGE
SAMFERDSSELSDEPARTEMENT**

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/1689-

27. februar 2018

Overføring av sams vegadministrasjon til regionalt, folkevald nivå. Høring

Ved handsaming av Prop. 84 S (2016 – 2017) Ny inndeling av regionalt forvaltingsnivå, jf. Innst. 385 S 2016 – 2017) gjorde Stortinget følgjande oppmodingsvedtak:

Stortinget ber regjeringen sørge for at regional vegadministrasjon, som har ansvar for planlegging og drift av fylkesveiene, overføres fra Statens vegvesen til regionalt folkevalgt nivå.

Oppmodingsvedtaket er ei oppfølging av eit vedtak frå våren 2016 (ved handsaming av Meld. St. 22 (2015 – 2016) Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver, jf. Innst. 377 S (2015 – 2016)).

Vegdirektoratet har fått i oppdrag å utgreia spørsmål i tilknytning til ei overføring til fylkeskommunar for den delen av sams vegadministrasjon som har ansvar for fylkesvegar. Mandat for oppdraget ligg ved dette brevet. Det er ein føresetnad at arbeidet vert gjort i samarbeid med KS og fylkeskommunane.

Departementet tek sikte på å presentera resultat av arbeidet for Stortinget i statsbudsjettet for 2019. Vegdirektoratet har derfor fått frist til 15. mai i år med å levera utgreiinga.

Tilrådinga frå Vegdirektoratet vil verta sendt på høring. Høringsfristen vert sett til fire veker, med svarfrist medio juni i år. Bakgrunnen for den korte fristen er at saka er planlagt presentert i statsbudsjettet for 2019. Presentasjon i statsbudsjettet 2019 er nødvendig for å kunna gjennomføra arbeidet med ei overføring frå 2020.

Samferdselsdepartementet varslar alt no om høringsfristen, for at fylkeskommunane skal kunna førebu arbeidet med høringa innanfor gjevne tidsrammer.

Med helsing



Ketil Solvik-Olsen

Vedlegg

Kopi

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Vegdirektoratet

Adresseliste			
Akershus fylkeskommune	Sentraladministrasjonen	0107	OSLO
Aust-Agder fylkeskommune	Pb 788 Stoa	4809	ARENDAL
Buskerud fylkeskommune	Postboks 3563	3007	DRAMMEN
Finnmark fylkeskommune	Henry Karlsens plass 1	9815	VADSØ
Hedmark fylkeskommune	Postboks 4404	2325	HAMAR
Hordaland fylkeskommune	Bedriftssenteret		
	Postboks 7900	5020	BERGEN
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Nordland fylkeskommune	Fylkeshuset	8048	BODØ
Oppland fylkeskommune	Postboks 988	2626	LILLEHAMMER
Oslo kommune - Byrådet	Rådhuset	0037	OSLO
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Telemark fylkeskommune	Fylkeshuset	3706	SKIEN
Troms fylkeskommune	Postboks 6600	9296	TROMSØ
Trøndelag fylkeskommune	Fylkets hus, Postboks 2560	7735	STEINKJER
Vest-Agder fylkeskommune	Serviceboks 517	4605	KRISTIANSAND S
Vestfold fylkeskommune	Postboks 2163	3103	TØNSBERG
Østfold fylkeskommune	Postboks 220	1702	SARPSBORG

